



Statens vegvesen

Bømlo kommune
Kommunehuset
5430 BREMNES

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Mats Korneliussen / 99341206

Vår referanse:
17/126039-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
26.01.2018

Fv.541 – høyringsbrev – omklassifisering– Langevåg – Løvegapet – Bømlo kommune

Gjennom Bømlopakken blir store deler av vegnettet i Bømlo kommune opprusta. Som følge av utbygginga er det naudsynt å vurdere klassifiseringa av det vegnettet som blir erstatta av ny veg. Denne saka gjeld Fg.541 Langevåg – Løvegapet i Bømlo kommune.

Strekninga frå Langevåg til Løvegapet vart opna i 2008. Den nye vegen er ein tofeltsveg med fartsgrense 80 km/t utan eige tilbod til mjuke trafikantar. Om lag 1120 meter av vegen er bygd som ny veg. Den gamle vegen ligg som to sløyfer, ei på 1022 meter på austsida og ei på 381 meter på vestsida av den nye fv.541, sjå kart under. Dei to sløyfene er registrert som fylkeskommunal gangveg (FG) i Nasjonal vegdatabank (NVDB).


Som følgje at det er ingen busetnad langs desse strekningane, kan Statens vegvesen ikkje sjå at det føreligg interesser som tilseier at vegen skal vere offentleg. Statens vegvesen vil tilrå at dei strekningane som no er registrert som Fg.541 vert lagt ned som offentleg veg, men at Hordaland fylkeskommune framleis står som eigar av veggrunnen, jamfør § 8 i veglova. Dette er under føresetnad om at Nasjonal sykkelrute nr.1 – Nordsjøløypa følgjer ny vegtrasé.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø



FG. 541 hp 205 km 2,795 – 3,817,
lengde 1022 meter



FG. 541 hp 5 km 3,820 – 4,201,
lengde 381 meter

Framlegg til vedtak:

Statens vegvesen vil med bakgrunn i ovannemnde tilrå at:

Fg.541 hp 205 km 2,795 – 3,817 lengde 1022 og Fg.541 hp 5 km 3,820 – 4,201 lengde 381 – totalt 1403 meter vert lagt ned som offentleg veg og lagt ut som privat veg. Hordaland fylkeskommune vil framleis vere grunneigar.

NA-rundskriv 97/13 gjeld ikkje ved nedlegging av offentleg veg. Vedtaket om nedlegging av offentleg veg og utlegging til privat veg vil difor vere gjeldande frå vedtaksdato.

Saksgang og vedtaksmynde

Saksgang ved omklassifisering og nedlegging av offentleg veg følger av veglova §7:

§ 7. Etter at fylkeskommunen – i Oslo kommunen – har uttala seg, kan departementet gjere vedtak om at riksveg skal leggjast ned eller gjerast om til fylkesveg eller til kommunal veg. Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen gjere vedtak om at fylkesveg skal leggjast ned eller gjerast om til kommunal veg.

Kommunen kan gjere vedtak om at kommunal veg skal leggjast ned.

Vedtaket etter første og andre ledd kan likevel ikkje settast i verk utan at vegen oppfyller tekniske krav etter nærare retningsliner gitt av departementet.

Alternative løysingar for nedlagt offentleg veg følger av veglova §8:

§ 8. Blir offentlig veg nedlagt, kan vedkomande styremakt gjere vedtak om at veggrunnen heilt ut eller delvis skal nyttast til anna offentlig vegføremål eller til føremon for ferdsla eller dei vegfarande. Som føremon for ferdsla eller dei vegfarande vert òg rekna at bruer, murar,

vegstykke eller andre delar av vegen etter vegstyremakta sitt skjønn er verneverdig slik at den bør haldast ved like for komande slekter.

Nedlagd offentlig veg som ikkje blir nytta til anna føremål etter første ledd, kan vedkommande styremakt legge ut til bruk som privat veg etter denne lova.

Blir offentlig veg nedlagt, og veggrunnen ikkje blir nytta til anna føremål etter første ledd, og vegen heller ikkje blir utlagt til privat veg, har eigar av eigedom som støyter til vegen rett til å krevje veggrunnen lagt til eigedomen sin mot vederlag etter skjønn, eller dersom ny veg skal byggast over eigedomen hans, mot frådrag etter skjønn i vederlaget for eigedomsinngrep til slik veg. Støyter fleire eigedomar til vegen, skal moglig tvist om fordelinga avgjerast ved skjønn.

Før vi sender framlegg til nedlegging av Fg.541 som offentlig veg til godkjenning i Hordaland fylkeskommune, ber vi om uttale frå dykk.

Høyringsfrist

Frist for å kome med tilbakemelding er sett til: **torsdag 1. mars.**

Plan- og forvaltningsseksjonen Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Seksjonssjef

Mats Korneliussen

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.